

---

**E-post m/vedlegg fra Sunnhordaland museum 17. august 2016**

Hei!

Viser til mail der de ynskjer rapportar om tiltak for innvandrarborn. Vi på Sunnhordland museum vel å sende dykk ein rapport om opplegget vi gjennomførte i vår, om forteljing, drama og teater med framandspråklege barn med utgangspunkt i norske eventyr.

Vårt neste prosjekt gjeld brodering. Eg reiser ut i klassane der mange av innvandrarbarna er, og fortel eventyret frå 1001 natt, «Sanndrømt», som også er grunnforteljinga i boka «Alkymisten». Deretter får elevane teikne enkle figurar frå det islamske eventyret, som igjen blir overført til eit bomullstekstil. Veka etter kjem borna til Sunnhordland museum, får studere broderiutstillinga «Seks millionar sting», og brodere teikninga si med ettersting. Dette vil bli montert som ein «teikneserie», der forteljinga i korte trekk fylgjer broderibilda. Slik kan dei bruke broderiserien til å fortelje andre dette eventyret, og slik styrke både den språklege kompetansen og sin eigen identitet.

*Med vennleg helsing*

*Johanne Øvstebø Tvedten  
Undervisningsleiar /formidlar  
Sunnhordland museum  
Mobil: 97 187 186*

# Forteljing og dramatisering for språkleg utvikling og uttrykksevne blant elevar i innføringsklassar

Etter inspirasjon frå dramapedagog Winifred Ward

## Eit samarbeid mellom:

Sunnhordland museum  
Innføringsklassa, Langeland skule  
HSH

Johanne Øvstebø Tvedten  
Marit Bruntveit Vatne  
Kirsti Aksnes



Frå Mangfaldsåret 2008 på Sunnhordland museum

## BAKGRUNN:

Klassen har 23 elevar frå 2.-7. klasse, og er ei blanding av born som har vore her nesten eitt år, og born som nyleg har kome til Stord. Avtalen med læraren er å gjennomføre 5 økter i veke 8-10, helst onsdagar og torsdagar.

Kirsti og Johanne ynskjer å bruke dramametoden til pioneren Winifred Ward, som var lærar og barneteaterinstruktør i Chicago rundt 1920-50. Dei åra kom det store grupper med polske immigrantar til Chicago, og språkopplæringa var ei stor utfordring. Ward tok utgangspunkt i kjend og kjær amerikansk litteratur som ho fortalte munnleg- og fysisk- til immigrantborna. Deretter utvikla ho ein eigen metodikk for å involvere borna gradvis i forteljinga, først gjennom pantomime ein og ein, så gjennom parvise dialogar og gruppedramatiseringar, før dei til slutt framførte forteljinga i teaterform.

Metodikken vart kalla «creative dramatics», fordi ho tok utgangspunkt i borna sine improvisasjonar og kreative uttrykk, i staden for manus. Dei måtte utvikle replikkane sjølve, og slik lærte dei seg språket litt etter litt. Seinare har andre drama- og teaterpedagogar utvikla metoden vidare, mellom anna den kjende svenske barneteaterpioneren Elsa Olenius på '50- og '60-talet.

Vi bestemte oss for å bruke eventyret om Askeladden og dei gode hjelparane. Som støtte til både forteljeframføringa i starten og innøvinga etter kvart, laga evi ein PP-presentasjon med bilde av alle omgrepa, gjenstandane og hendingane i eventyret, henta frå nettet. Også stillbilde frå animasjonsfilmen til Ivo Caprino av eventyret.

#### OM WINIFRED WARD (1884-1975) SITT ARBEID

Winifred Ward var lærar i barneskulen og seinare universitetslærar i USA, Midvesten, og vart ein pioner innan barneteater. Omgrepet *creative dramatics* kjem frå henne. Ho hadde teater- og filosofi-bakgrunn, og hennar arbeid vart brukt som modell i Winnetkaplanen.

Mest kjend er ho for korleis ho lærte polske innvandrarbarn det engelske språket i 1920-åra. Ho fann fram gode, kulturberande forteljingar frå amerikansk litteratur, og fortalte desse på ein levande måte til dei framandspråklege borna. Etterpå la et ho elevane få prøve ut rollene gjennom improvisasjon, først ved pantomime og kroppsspråk, så gjennom dialogar mellom to, og til slutt ved å spele heile scener. Produktet til slutt vart teaterframstyringar der ho var instruktør, men borna fekk vere medskapande.



Creative dramatics og barneteater utfylte kvarandre, meinte Ward: Det handla om *inntrykk og uttrykk*. Måla var å

- gi høve til utløp for kjensleliv
- gi høve til uttrykk gjennom ein kunstart
- oppmuntre barn sin skapande fantasi
- fremje sosial utvikling og samarbeid
- utvikle den munnlege språket og uttrykksevna
- fremje sjølvstende og sjølvtryggleik.

## FRAMDRIFTA TIL PROSJEKTET:



1. **ØKT:** Heile klassa er samla på museet. Kl. 10.30-12.30
  - a. Matpause
  - b. Alle i ring: Dramatiske leikar og øvingar v/Kirsti.
  - c. Johanne framfører forteljinga for dei, med teikningar eller bilde frå forteljinga projiserte på skjerm undervegs, slik at dei forstår kva det dreier seg om.
  - d. Dei arbeider to og to (blei 4-5 ilag):
    - i. «Gjenfortel» historia ilag, vekselsvis. Dei kan arbeide hovudsakleg fysisk, og bilda blir viste om igjen på veggen til hjelp. Alle gruppene måtte ha hjelp av vaksne til å arbeide fokusert.
  - e. Alle i ring: Kirsti leier elevane og «styrer» gjenskaping av «fysiske faktor» eller uttrykk til sentrale karakterar i forteljinga.
  
2. **ØKT: Halv klasse, dei yngste** møter i klasserommet.
  - a. Spontandramatisering ved borna, dvs. samstundes som vi fortel forteljinga om igjen, med bilde på veggen. Borna kan legge til replikkar der dei hugsar kva som vart sagt.
  - b. Teikneserie: Alle ligg på golvet med store papirrullar utover. To og to born teiknar saman *handlingsgangen* i forteljinga som ein teikneserie, eller som hendingar langs ein veg.
  - c. Dei viser teikneseriane til dei andre, og *fortel* om det dei har teikna.

- d. Vi vel ut *kollektive roller* som desse yngste kan ha, og fordeler borna på gruppene, t.d. ei gruppe med underjordiske, ei med troll som har fleire hovud, etc.
- e. Dei leikar og øver på rollene, og legg til korte replikkar.
- f. Improvisasjon: Gruppene møter kvarandre – kva skjer?

**3. ØKT: Halv klasse, dei store:**

- a. To og to: Teikneserie: Alle ligg på golvet med store papirullar utover. To og to born teiknar saman *handlingsgangen* i forteljinga.
- b. Dei viser teikneserien til dei andre, og *fortel* om det dei har teikna.
- c. Vi grupperer dei etter dei viktigaste rollene, 4-5 ilag. Saman eksperimenterer dei med det fysiske uttrykket til si rolle, måten å gå på og snakke på. Dei utviklar replikkar og reaksjonar og kjensleuttrykk.
- d. Vi om-grupperer slik at ein frå kvar karaktergruppe no samlast i nye grupper (slik at karakterane møter kvarandre). Dei dramatiserer scene for scene, så langt det går.
- e. Vi tar første gjennomgang. Kan bytte litt om på rollene. (Som ein enkel og skjult «audition», så vi finn dei rette personane til rollene.)

**4. ØKT: Heile gruppa møtes i gymsalen:**

- a. Leikar og dans og tryggleiksøvingar, gjerne til musikk.
- b. Dei små viser sine roller til dei store.
- c. Dei store viser sine roller til dei små.
- d. Vi syr alt saman til ein heilskap!

Vi fekk ikkje løyve til å ta bilde av borna og framføringa deira, men kan fortelje om stort engasjement. Dei arbeidde intenst med språket for å klare å framføre sine replikkar, som ikkje var nedskrivne, men arbeidde fram gjennom improvisasjon og samarbeid. Vi gav dei alle kostyme og rigga «skip» av korkrakkars, og hadde elles med oss fleire rekvisita frå museet. Bilda vart viste på veggen ved sida av gymsal-scena der elevane viste stykket, slik at borna i salen forstod kva som føregjekk, om orda vart litt feil. Der var om lag 200 born frå 1-4 kl. til stades under framsyninga i salen, også inviterte foreldre frå Asylmottaket. Borna i innføringsklassa ville straks at vi skulle komme tilbake og gjere eit nytt fortelje- og teaterprosjekt med dei!

**Fortellingane:**

Ein sentral idé eller klart motiv  
Nokre få hendingar  
Klimaks  
Poengtert avslutning  
Innehalde dialogar med naturleg daglegtale.  
Vere tilpassa alderen.

**Dramaturgiske spørsmål:**

Kjem handlingsgangen klart fram?  
Var rollekarakteristikken truverdig?  
Dreiv dialogen handlinga framover?  
Var klimakset sterkt nok?  
Korleis fungerte samspelet?

**Krav til læraren:**

Samarbeidande og rettleiande haldning  
Evne til å planlegge og organisere undervisninga på ulike klassesteg  
Personlegdom som fremmar og ikkje hemmar skapande verksemd  
Kunnskap om barnelitteratur, barnepsykologi, teaterdugleikar, munnleg framføring og brei orientering om kunstfag generelt.

**Tradisjonar ho bygde på:**

- Children's Educational Theatre: Språkundervisning for immigrantar.
- University/College Theatre: Studentar tok sine lærestykker ut og sette dei opp med barn og unge. Dramatiker kurs /bok av Pierce Baker: *Dramatic Technique*, 1919.
- Teaterreform i USA: Stanislavski: Skapande skodespelopedagogikk og indre, emosjonell tilnærming til dramatisk arbeid.

**FRAMDRIFTA****5. ØKT: Heile klassa er samla på museet.**

- a. Vi framfører forteljinga for dei, med teikningar eller bilde frå forteljinga projiserte på skjerm undervegs, slik at dei forstår kva det dreier seg om.
- b. Dei arbeider ein og ein: Elevane gjenskaper «fysiske fakter» eller uttrykk til sentrale karakterar i forteljinga, gjennom pantomime og lydar, ikkje replikkar. Særleg vekt på å gjenskaper *kjensler som blir vekt* av hendingar i livet til karakterane. Deretter *kjenslemessige endringar* som skjer i livet deira.
- c. Dei arbeider to og to:
  - i. «Gjenfortel» historia ilag, vekselsvis. Dei kan arbeide hovudsakleg fysisk, og bilda blir viste om igjen på veggen til hjelp.

- ii. Dei gjenskapar eit viktig *møte* mellom hovudpersonen og ein av bifigurane *pantomimisk*.
  - iii. Møtet blir gjenskapt *med replikkar*.
- 6. **ØKT:** Halv klasse møter på museet, dei yngste fyrst.
  - a. Spontandramatisering ved borna, dvs. samstundes som vi fortel forteljinga om igjen, med bilde på veggen. Borna kan legge til replikkar der dei hugsar kva som vart sagt.
  - b. Teikneserie: Alle ligg på golvet med store papirrullar utover. To og to born teiknar saman *handlingsgangen* i forteljinga som ein teikneserie, eller som hendingar langs ein veg.
  - c. Dei viser teikneseriane til dei andre, og *fortel* om det dei har teikna.
  - d. Vi vel ut *kollektive roller* som desse yngste kan ha, og fordeler borna på gruppene, t.d. ei gruppe med underjordiske, ei med troll som har fleire hovud, etc.
  - e. Dei leikar og øver på rollene, og legg til korte replikkar.
  - f. Improvisasjon: Gruppene møter kvarandre – kva skjer?
- 7. **ØKT:** Halv klasse, dei store:
  - a. To og to: Ein fortel, den andre mimer handlinga. Halvvegs: Bytter.
  - b. Teikneserie: Alle ligg på golvet med store papirrullar utover. To og to born teiknar saman *handlingsgangen* i forteljinga.
  - c. Dei viser teikneserien til dei andre, og *fortel* om det dei har teikna.
  - d. Vi grupperer dei etter dei viktigaste rollene, 4-5 ilag. Saman eksperimenterer dei med det fysiske uttrykket til si rolle, måten å gå på og snakke på. Dei utviklar replikkar og reaksjonar og kjensleuttrykk.
  - e. Vi om-grupperer slik at ein frå kvar karaktergruppe no samlast i nye grupper (slik at karakterane møter kvarandre). Dei dramatiserer scene for scene, så langt det går.
  - f. Vi tar fyrste gjennomgang. Kan bytte litt om på rollene. (Som ein enkel og skjult «audition», så vi finn dei rette personane til rollene.)
- 8. **ØKT:** Heile gruppa møtes på museet:
  - a. Leikar og dans og tryggleiksøvingar, gjerne til musikk.
  - b. Dei små viser sine roller til dei store.
  - c. Dei store viser sine roller til dei små.
  - d. Vi syr alt saman til ein heilskap!
- 9. **ØKT:** FRAMSYNING på Langeland skule.